
Saksnr: 2021/45429-1
Saksbehandlar Thorbjørn Aarethun
Dato: 30.08.2021

Til: Fylkesutvalet og fylkestinget

Frå: Fylkeskommunedirektøren

Resultat frå brukarundersøking blant dei folkevalde

Før sommaren 2021 vart det gjennomført ei brukarundersøking av dei folkevalde sin vilkår for politisk verksemd i Vestland fylkeskommune. Denne undersøkinga inneheld spørsmål og tema som vil vere viktige å få svar på, for både å kunne bevare og vidareutvikle rutinar og arbeidsmåtar i samarbeidet mellom administrasjonen og folkevalde i fylkeskommunen for å styrke det regionale folkestyret.

Fylkeskommunedirektøren er samla sett godt tilfreds med tilbakemeldinga frå dei folkevalde i denne brukarundersøkinga. Gode vilkår for politisk verksemd i fylkeskommunen er ei prioritert oppgåve for fylkeskommunedirektøren.

Politisk sekretariat har sørge for nødvendig tilrettelegging og gjennomføring av digitale møter i folkevalde organ i pandemiperioden, og har i tillegg gjennomført kurs og opplæring av sakshandsamarar i skrivning og sakshandsaming av politiske saker.

I resultatata frå brukarundersøkinga har fylkeskommunedirektøren likevel merka seg eit forbettringspotensiale rundt relevant og aktuell informasjon på nettsidene til fylkeskommunen, samt tidsnok utsending av innkalling og saksdokument til møter i folkevalde organ.

Rapport med resultat frå brukarundersøkinga ligg vedlagt.

Vedlegg: Brukarundersøking - dei folkevalde i Vestland fylkeskommune